

# BARN S RETTÅR

Barns rettar står i FNs barnekonvensjon og gjeld for alle barn under 18 år. Alle barn i verda har dei same rettane. Ein rett seier noko om kva barn treng for å ha det bra.

Du har rett til å være trygg.

Du har rett til å gå på skule.

Du har rett til å vite om rettane dine.

Du har rett til å leike, ha fritid og å kvile deg.

Du har rett til å bli teken godt vare på.

Du har rett til å snakke ditt eige språk, ha din eigen kultur og di eiga tru.

Du har rett til eit namn og til å tilhøyre eit land.



Redd Barna

Du har rett til å seie kva du meiner, og bli høyrd.

Du har rett til å bli behandla rettferdig.

Du har rett til at vaksne skal tenkje på det beste for deg.

Du har rett til hjelpe om du er sjuk.

Du har rett til å vekse opp og ha eit godt liv.

